

Saksnr: 2019/61-1
Saksbehandlar: Matti Torgersen

Saksframlegg**Saksgang**

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|----------------------------------------|-------------|------------|
| Hovudutval for samferdsel og mobilitet | | 25.11.2020 |
| Fylkesutvalet | | 03.12.2020 |
| Fylkestinget | | 17.12.2019 |

Stord lufthamn - søknad om lån til finansiering av ny infrastruktur**Forslag til innstilling**

1. Vestland fylkeskommune gjev Sunnhordland lufthamn eit lån på kr. 3.780.000 til opprusting av kontrolltårnet, utviding av terminalbygget og nytt brøyteutstyr. Lånet skal finansiere 21 prosent av kostnadene med prosjektet.
2. Fylkeskommunen finansierer utlånet ved bruk av investeringsfond.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å avtale lånevilkåra.
4. Fylkestinget gjev lån med oppmoding om at:
 - a. Nytt tårn blir bygd med minimalt av klimaavtrykk, dvs lågast mogleg CO2 utslepp, og med miljøvennlige materialar.
 - b. Det blir aktivt jobba for at utslepp frå flytrafikken blir redusert, og fylkestinget blir halden orientert om dette.

Samandrag

Sunnhordland lufthamn AS har i brev datert 27. juni 2019 søkt eigarane av selskapet, Stord kommune (79%) og Hordland fylkeskommune (21%) om eit lån pålydande 18 mill kr. Lånet skal nyttast til å finansiere eit nytt kontrolltårn, utviding av terminalbygg og innkjøp av nytt brøyteutstyr. Lånesøknaden er fordelt etter eigarbrøk, og Vestland fylkeskommune sin del vil vere 3.780.000 kr. Stord kommune har gjort vedtak om å yte lån for sin del, under føresetnad at også fylkeskommunen yter lån.

Prosjektleiari rår til at det vert ytt lån på omsøkte beløp.

Rune Haugsdal
prosjektleiari

Håkon Rasmussen
påtroppande fylkesdirektør for
mobilitet og kollektivtrafikk

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sunnhordland lufthamn AS har i brev datert 27. juni 2019 søkt eigarane av selskapet, Stord kommune (79%) og Hordland fylkeskommune (21%) om eit lån pålydande 18 mill. kr. Søknaden følgjer vedlagt.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har mynde til å vedta økonomi og årsbudsjett, under dette yte lån, jf kommunelova §14-2 og 2.1.2 i Reglement for folkevalde organ og delegering.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Risiko for å tape utlånt beløp.

Klima: Framtidig drift av Sunnhordland lufthamn kan føre til meir flytrafikk med påfølgjande auka klimagassutslepp. På den andre sida vil det vere kortare transportbehov for befolkning og næringsliv i området til flyplassen, noko som på si side reduserer klimagassutsleppa.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Om Sunnhordland lufthavn AS og Stord Lufthamn Sørstokken

Sunnhordland lufthavn AS er eigd av Stord kommune (79 %) og Hordaland fylkeskommune (21 %). Selskapet driv Stord Lufthamn Sørstokken, og utfører alle tenester på lufthamna, inklusiv security og tårnteneste med eigne tilsette.

Flyselskapet Danish Air Transport AS (DAT) er flyoperatør på flyruta Stord-Oslo. Selskapet flyr ruta for eiga økonomisk risiko med eit fly av typen ATR-42 med 48 passasjer seter. Ruta har 14 turar t/r pr. veke med ein kabinfaktor på 65 %. Frå 2017 til 2018 vart det ei auke i tal passasjerar på 45,8 % samanlikna med 2017. Selskapet har også sett opp ei flyrute mellom Stord og Billund i Danmark om sommaren.

I tillegg har flyplassen treningsflyging med fly og helikopter, og blir brukt av fly og helikopter som utfører søk- og redningsaksjonar. Vidare blir flyplassen brukt til m.a. ambulansefly.

Søknad om lån

Selskapet søker om lån til følgjande tiltak:

- Kontrolltårnet vart bygd i 1985 då flyplassen vart offisielt opna. Tårnet er no gammalt og utdatert.
- Utviding av terminalbygget med plass til å sikkerheitsklarere passasjerar, venteareal for passasjerar, større plass til innsjekk, utlevering av bagasje, fleire kontor og større lagerplass.
- Utsifting av brøyteutstyr.

Det er søkt både til Hordaland fylkeskommune og Stord kommune, ut i frå eigardelar. Søknaden til Stord kommune er på 14.220.000, medan omsøkt beløp til Hordaland fylkeskommune er på kr. 3.780.000.

Kommunestyret på Stord gjorde slikt vedtak 17. oktober 2019:

1. «Stord kommune gir Sunnhordland lufthavn AS eit lån på inntil kr 14 222 000 til opprusting av kontrolltårnet, utviding av terminalbygget og nytt brøyteutstyr. Lånet skal finansiera 79 prosent av kostnadene med prosjektet.
2. Det er eit vilkår for tilsegna at fylkeskommunen finansierer resterande 21 prosent. Det er vidare eit vilkår at Vestland fylkeskommune vidarefører ordninga med driftsstøtte til lufthamna minimum på det nivå som ligg i gjeldande avtale med samferdsledepartementet.
3. Lånet vert gitt med rente lik årleg budsjettert avkastning på kraftsalfondet, for 2020 3,4 prosent, med avdragstid på 15 år

4. Kommunestyret gir lån med oppmoding om at
 - bygging av nytt tårn blir bygd med minimalt av klimaavtrykk, dvs lågast mogleg co2 utslepp, og med miljøvennlige materialar.
 - det blir aktivt jobba for at utslepp frå flytrafikken blir redusert, og kommunestyret haldast orientert om framgangen i dette».

Lufthamnselskapet har i dag følgjande lån hjå Hordaland fylkeskommune:

- Lån til investeringar 2010. Opphavleg lånesum 2.520.000 kr, restlån 315.000 kr. Blir nedbetalt i 2020.
- Lån frå 2009, rente og avdragsfritt for styrking av eigenkapitalen i selskapet 636.000 kr.

Til saman har Sunnhordland lufthamn AS uteståande lån til Hordaland fylkeskommune på 951.000 kr.

Økonomisk kompensasjon til drift av Stord Lufthamn

Lufthamnselskapet har for perioden 2016-2020 ei avtale med Samferdselsdepartementet om økonomisk kompensasjon til drift av Stord lufthamn. Denne var i 2016 på 19.700.000 og vert indeksregulert.

Fellesnemnda for Vestland fylkeskommune gjorde slikt vedtak 23 mai 2019 i sak 34/2019 om Overføring av ansvaret for tilskot til ikkje-statlege flyplassar til fylkeskommunalt nivå:

1. «Fellesnemnda for Vestland fylkeskommune ønskjer at Samferdselsdepartementet forvaltar avtalen med Sunnhordland lufthavn AS i 2020.
2. Fellesnemnda ber om at prosjektleiar saman med Stord kommune utarbeider framlegg til eigarstrategi som kan danne grunnlag for forhandlingar med Sunnhordland lufthavn AS om ny avtale frå og med 2021.»

Hordaland fylkeskommune yter ikkje økonomisk kompensasjon til drift av Sunnhordland lufthavn AS.

Prosjektleiar sine vurderingar

Stord lufthamn Sørstokken har hatt god vekst i trafikken, og er viktig for næringsliv og befolkning i Sunnhordland. Delar av infrastrukturen og utstyret på flyplassen er utdatert, og det er behov for fornying. Det er også lite plass til innsjekking og bagasjehandtering.

Erfaringsmessig har aktiviteten variert mykje ved lufthamna avhengig av aktivitetsnivået i det lokale næringslivet, først og fremst hjå Kværner Stord. No er det gode tider, noko som har ført til ei stor auke i aktiviteten ved flyplassen. Men vi veit at aktiviteten varierer, t.d. vart det i 2009 naudsynt å gje flyplassen eit lån for å sikre fortsett drift. Det er difor ein relativt stor risiko for långevar. Selskapet vil difor vanskeleg få lån til akseptable vilkår hjå vanlege finansieringsinstitusjonar.

Prosjektleiar vurderer i utgangspunktet dette som ei vanskeleg sak, då fylkeskommunen må kutte monaleg i budsjetta. Samstundes er flyplassen viktig for Stord. Det er også viktig å ha fokus på denne delen av fylket i nye Vestland fylkeskommune. Staten er i ferd med å overlate ansvaret for tilskot til flyplassar utanfor Avinor-systemet til fylkeskommunane. Fylkeskommunen får difor ei meir sentral rolle i å utforme eigarstrategi ovanfor selskapet. Prosjektleiar viser også til at vidare drift truleg er avhengig av utvikling av infrastruktur og utstyr, særleg gjeld dette nytt kontrolltårn. Vidare legg prosjektleiar vekt på at Stord kommune har gjort vedtak om å tilby lån under føresetnad av at fylkeskommunen også tilbyr lån.

Ut i frå ei samla vurdering tilrår prosjektleiar at det vert stilt lån til disposisjon på det omsøkte beløpet til Sunnhordland Lufthamn AS.

Avdragstida bør vere den same som for lånet frå Stord kommune, 15 år. På lånet som vart gjeve i 2010 har selskapet betalt pengemarknadsrente (6 mnd. Nibor) + 1%. Det vert rådd til at prosjektleiar får fullmakt til å avtale detaljerte lånevilkår for nytt utlån.

Vestland fylkeskommune har sett i gang eit arbeid med å utvikle eigarstrategi for selskap innanfor samferdselsområdet. Det vert teke eit initiativ ovanfor Stord kommune tidleg i 2020. Eigarstrategi må vere på plass før Vestland fylkeskommune overtek ansvaret for tilskot til Sunnhordland Lufthamn AS frå 1.1.2021.

Konklusjon

Prosjektleiari rår til at det vert stilt til disposisjon eit lån pålydande 3.780.000 til opprusting av kontrolltårnet, utviding av terminalbygget og nytt brøyteutstyr.